10.02 Sivert Raqu Brånås Aarflot (Døpt i Ringsaker kirke)  
**ØYE**  
24.02 Julian Lindvåg  
**RANES**  
03.02 Ane Dahl Andreassen  
03.02 Emma Therese Hyldbakk  
09.03 Christian Moen Hårstad (døpt i Hals)

30.03 Vilde Halle  
**MO**  
09.03 Ingrid Hansen Røv  
09.03 Mads Georg Avset Sjøflot  
**STRAUMSNES**  
02.03 Solveig Eikrem  
16.03 Eiril Tveekrem  
30.03 Tea Aasen  
**TINGVOLL**  
22.03 Signe Vonheim Hansen  
23.03 Malin Holen Bergem

23.03 Norun Røskar Nisja  
**ØRE**  
10.02 Ida Brakstad Orset  
09.03 Jens Hyeon-Su Berntsen  
24.03 Anniken Rohde Røvik  
**GJEMNES**  
03.02 Matilde Halset  
02.03 Lene Brandvik  
02.03 Ole Kristian Astad Thoresen

**Vigde**

**RINDAL**  
09.02 Monica Gulla og Anders Løfaldli  
**STANGVIK**  
05.04 Hroar William Kvande og Larisa Aleksandrovna Sumkina  
**ÅSSKARD**  
15.03 Daniela Melanie Schwarzer og Odd Mareno Sæterøy  
**TINGVOLL**  
22.03 Cato Langdal Hansen og Åslaug Glæstad Vonheim (Velsigning av borgarleg inngått ekteskap)  
**ØRE**  
08.03 Marte Andreassen og Morten Scott-Dahl Olset (vigde i Angvik bedehus)

## ERIK, TROR DU?

Andakt av Erik Blomstrøm

Spørsmålet dukker opp fra tid til annen. Denne gangen var det en konfirmand som spurte: "Erik, tror du at Gud har skapt jorda?" Jeg blir glad for slike spørsmål, og spesielt fra konfirmanter. Dette rørte ved grunnfjellet for trua: Gud med innsikt og makt til å skape.

Det er der trua begynner for min del. Jeg tror på Gud Fader, den allmektige, himmelens og jordens skaper. Der får jeg lov å ha en barnlig enkel tillit. Det tror jeg og at de hadde de som samla de ulike tekstene som utgjør det gamle testamentet. Det ser ikke ut til at det har anrørt dem det minste at 1. og 2. kapittel i bibelen vår har helt forskjellig beskrivelse av måten og rekkefølgen i skapelsen. Det de er opptatt av, er å fortelle at alt som er til, er skapt av Gud. Når det er sagt, så tror jeg nok at rekkefølgen på når ting skjer i 1. kapittel, fortsatt er et godt forslag til å forstå noe av

hvordan det skjedde.

*Når jeg ser din himmel, et verk av dine fingrer, månen og stjernene som du har satt der, hva er da et menneske, siden du kommer det i hu, et menneskebarn, siden du tar deg av det?*

Disse fire linjene fra salme 8 tar trua enda et stykke videre. Salmisten undrer seg over hvordan den allmektige Gud har omsorg og omtanke for hvert enkelt menneske, vi som knapt nok er et fnugg i universet. Videre utover i det gamle testamentet møter vi mer og mer av Guds kjærlighet og omsorg. Så kommer det nye testamentet med evangeliet, det gode budskapet, om Guds Sønn og verdens frelser.

Jeg ble ikke spurt om jomfrufødselen denne gangen, eller om jeg tror på at Jesus gikk på vannet eller på oppstandelsen påskemorgen. Men hadde jeg blitt spurt, ville svaret vært mye det samme. Jeg tror

på at Gud har makt og vilje til å skape. Jeg tror ikke at naturlovene er en tilfeldighet, men et resultat av Guds skaperhandlinger. Da legger jeg frimodig trua på alle unntaka over i Guds skaperhender. Har Gud gitt oss naturlovene, kan Gud og bryte dem! Jeg spurte en gang en konfirmandklasse om de visste hva et under er. Da var det en som svarte: "Det er noe som egentlig ikke går an, men som går an likevel når Jesus gjør det."

Ja, jeg tror Gud skapte verden. Jeg tror at Gud sendte Jesus til oss for at han skulle dø og oppstå for å forsone oss med Gud. Og jeg tror at Gud ser og elsker hver eneste en av oss og kaller oss til å være Guds barn.

*For så høyt har Gud elsket verden, at han ga sin Sønn, den enbårne, for at hver den som tror på ham, ikke skal gå fortapt, men ha evig liv.*

## Har du Sett?


Fleire frå prostiet vårt er involverte i boka Sett gjennom 75 år, jubileumboka til Kristent Arbeid Blant Blinde og svaksynte. Boka vart lansert på ei festleg tilstelning i Oslo 10. april, og finst både på papir og i lydversjon.

Boka tek til med portrett av tre synshemma i ulike alder og livssituasjon. Ei av dei er Karin Brøske frå Stangvik, som fortel ope både om oppveksten sin, om studieopphald

i Sør-Afrika osv.

Magne Bjørndal frå Rindal har vore redaktør for boka, og har òg skrivne den historiske delen. Der vert det skildra korleis ei lita foreining har utvikla seg til ein organisasjon med lydproduksjon, leirar, stemme osv.

Sett gjennom 75 år er på 180 lettlesne sider, og kostar 298,- kroner. Du får kjøpt boka via nettstaden [www.kabb.no](http://www.kabb.no), eller ved å kontakta Magne Bjørndal.



Forts. fra s.7

## Døde

### HALSA

05.02 Kristine Johanne Blekken f. 1921  
27.03 Tor Betten f. 1929

### VALSØYFJORD

07.02 Iver Engtrø f. 1923  
22.02 Anne Grethe Hjeldnes f. 1945  
01.04 Magnar Otnes f. 1931

### RINDAL

20.01 Ingebjørg Romundstad f. 1922  
24.01 Gjertine Løfald f. 1926  
09.02 Ola O. Løfald f. 1932  
14.02 Ida Ranheim f. 1917  
25.02 Guttorm Grønli f. 1919  
26.02 Marie Gåsvand f. 1911  
13.03 John E. Lilleløkken f. 1930  
17.03 Kåre Tørset f. 1949

### STANGVIK

31.01 Sigurd Ørsahl f. 1924  
29.03 Margrethe Søyseth f. 1937

### TODALEN

27.01 Nils Kalseth f. 1921  
06.02 Astrid Brusethaug f. 1931  
15.02 Brit Ørsal f. 1910  
14.03 Anders Bruseth f. 1922  
22.03 Ingrid Halle f. 1920

### ÅSSKARD

27.01 Johan Sigurd Holten f. 1918  
13.03 Astrid Bævre f. 1918  
21.03 Ildrid Sæterbø f. 1917  
HOV  
14.01 Olga Margrete Høgstad f. 1912  
14.01 Bjørn Pettersen Skulberg f. 1934  
24.01 Kåre Tredal f. 1923  
25.01 Petra Sandø f. 1926  
06.02 Margit Tredal f. 1917  
15.02 Olav Øivind Heien f. 1915  
29.02 Finn Linseth f. 1939

### ØKSENDAL

07.03 Norunn Bugge f. 1936  
ÅLVUNDEID  
29.01 Kristine Johanne Blekken f. 1921  
(Gravlagt i Halså)  
08.03 Petra Laura Halse f. 1918  
ØYE

26.01 Matea Holte f. 1915  
30.01 Aase Hanneseth f. 1920  
05.02 Rannei Bævre f. 1912  
06.02 Ragnhild Blekkan f. 1913  
09.02 Lukas Husby f. 2007  
14.03 Ragna Berg f. 1924  
21.03 Magda Berseth f. 1925  
RANES  
15.02 Johan Aarvåg f. 1921  
01.03 Else Klinge f. 1940  
05.03 Rolf Andreas Flo f. 1919 (gravlagt i Sunnlyven)

12.03 Marit Skei f. 1916

16.03 Ingeborg Rakstang f. 1910  
17.03 Olga Sofie Moen f. 1912  
20.03 Signe Eugenie Sande f. 1921  
23.03 Lars Sogge f. 1925  
26.03 Dagrun Stavik f. 1921  
30.03 Johannes G. Holten f. 1930  
31.03 Jon Sverre Sæter f. 1927

### MO

29.01 Erik A. Moen f. 1939  
26.02 Bjarne Grendstadbakk f. 1923  
19.03 Marie N. Fiske f. 1920

### TINGVOLL

23.01 Karen Margrete Ormsettrø f. 1929  
09.03 Agnes Stomsvik f. 1907  
12.03 Ingeborg Resell f. 1923  
23.03 Borghild Sættem f. 1920

### ØRE

06.02 Else Olaug Hals f. 1915  
11.02 Edvard Anton Vassvik f. 1922  
25.02 Ingebjørg Rotlid f. 1917  
26.02 Rudolf August Lødden f. 1947  
04.03 Terje Sæther f. 1946  
06.03 Nils Astad f. 1920

### GJEMNES

29.01 Hjördis Marie Storvik f. 1927  
18.02 Elisabeth Wilhelmine Strøm f. 1911  
24.03 Helma Alette Søvik f. 1920  
25.03 Ingvald Kåre Nakken f. 1926





# HALSÅ

Halså - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38  
 Kirkekontoret 71 55 96 39  
 E-post kirkeverge:  
 kirkeverge@halsa.kommune.no  
 Bildet: Halså kirke

## Vellykket «kappeaksjon» for Valsøyfjord kirke

Pengeinnsamlingen til innkjøp av nye konfirmantkapper for Valsøyfjord kirke på Otnes ble meget vellykket. Det kan trygt slås fast, etter at det i slutten av mars var kommet inn 20.750 kroner.

Det var i fjor høst at medlemmene i Valsøyfjord menighetsråd tok opp tanken om å starte innsamling for å kunne kjøpe nye konfirmantkapper. De syntes at kappene fra 1964 var mer enn moden for utskifting!

Kirketjener Per Enge har de siste årene hatt vanskeligheter med å finne kapper til konfirmantene som har vært presentable på en så stor dag som konfirmasjonsdagen er.

- Vi er veldig fornøyd med responsen på denne innsamlingen, og synes resultatet

er fantastisk. Vi vil her og nå rette en stor takk til alle de som har bidratt, sier Liv Glomstad, som er medlem i Valsøyfjord menighetsråd.

Nå er det bestilt 17 kapper, i forskjellige størrelser, som årets konfirmanter blir de første til å ta i bruk under konfirmasjonen i neste måned.

Hvis det er noen blant Valsøyfjords befolkning som ennå ikke har betalt inn en sum på innbetalingskortet, men som gjerne vil bidra, går det godt an å gjøre det også nå. For blir det penger til overs etter at kappene er betalt, er det meningen å kjøpe inn et skap til kirken hvor kappene skal oppbevares.

*Kåre Hendset*



Kirketjener Per Enge, var ett av medlemmene i Valsøyfjord menighetsråd som for to måneder siden kjørte rundt i bygda for å legge innbetalingsblanketter i postkassene. Foto: KH.

## Skjærtorsdag kom vi sammen og holdt måltid

Skjærtorsdag kveld hadde vi en annerledes gudstjeneste i Halså. Silvio, organisten vår, hadde foreslått at vi kunne prøve å gjøre noe utenom det vanlige. Menighetsrådet dekket et langbord i midtgangen sammen med kirketjeneren. Når det var ringt sammen, satte menigheta seg rundt bordet sammen med prest og organist. Sistnevnte hadde for anledninga forlatt orgelkrakken og stilte i stedet med trekkspill.



Gudstjenesta foregikk i sin helhet rundt bordet. Der sang vi salmene, der spiste vi sammen, der prekte Jan-Fredrik Laskerud og forretta en noe enklere liturgi. Der hadde

vi nattverd og sendte brød og vin til hverandre rundt bordet.

Mat er alltid en del av måltidet, men noen måltid er mer enn mat. Dette var et slikt måltid. Og så fikk vi holde gudstjeneste ansikt til ansikt. Takk til LeeAnn og Ingunn som stelte i stand, til Silvio for en svært god ide og til Jan-Fredrik for ei personlig og god preike og en fint gjennomført liturgi.

*Erik Blomstrøm*

Foto: EB.



### Takk til Jan-Fredrik Laskerud

I skrivende stund er det bare ei uke igjen av den arme (venstre) sokneprestens sjukemelding. Det innebærer at Jan-Fredrik Laskerud har vikariert i Halså prestegjeld i et halvt år. Han har stilt opp med en god blanding av mye humør og lyttende alvor, og, ikke minst, med engasjement. Det har vært til stor glede for menighetene, og vi har også hatt inntrykk av at han har trivdes hos oss.

Takk for tida i prestegjeldet, Jan-Fredrik, og velkommen tilbake når anledninga byr seg!

*EB*



## SURNADAL

Øye - Mo - Ranese

Kyrjekontoret 71 65 70 60  
 Telefaks 71 65 70 61  
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30  
 E-post kyrkjeværje: ingeborg.nordlund  
 @surnadal.kommune.no  
 Biletet: Ranese kyrkje - Stangvik kyrkje



# Morgonsong i Øye kyrkje

## Samarbeid mellom kyrkje og skule

Det var sokneprest Torbjørn Brøske som i si tid fekk i gang eit nært og spesielt samarbeid mellom Øye kyrkje og Øye skule for omlag tjue år sidan, om å ha morgonsong i kyrkja 1-2 gonger i semesteret.

Dette er eit liturgisk opplegg med bønner, tekstlesing, salmar og program ved ein av klassane. Presten er med som liturg og tekstlesar, kantor tek seg av det musikalske,



Ann Iren Brøttemsmo hadde eit flott solonummer. Ho er elev på kulturskulen og har spela saksofon i 3-4 år. Foto: ERE.

## Ungdomssamlingar i Surnadal

Som eit diakonalt tiltak for ungdom har den nye soknediakonen i Surnadal/Stangvik/Rindal alt kome i gang med samlingar på Kyrkjelydshuset annakvar onsdag etter skuletid kl. 15 – 18.

Guds kjærlyghet skal stå i sentrum, og hjelp til å formidla det til andre.

Dette er meint å vera ein uformell møteplass med spel og hobbyaktivitetar i førsteetasjen, der ein kan slappa av og gjera det ein har lyst til, kanskje få hjelp til lekselesing, medan ein del av tida er sett av til ei stund med andakt og bøn i andreetasjen for dei som ynskjer det. Ein ynskjer og at det skal vera rom for å snakke sammen om trua.

Dette har enno ikkje funne si faste form, men ein kallar det «ope hus». Kvar samling startar med litt mat, enkel middag eller vafler, og ein prat.

Utgangspunktet er at Gud elsker oss alle og han vil at vi skal elska kvarandre og bry oss om kvarandre, seier Gry Netland-Ebbesen som er leiara for prosjektet sammen med 2-3 andre vaksenleiarar. Opplegget er meint å vera for unge frå ungdomsskulen

og klokka er både forsongar og medhjelpar. Det viktigaste er at borna får delta og blir kjent med kyrkjesetet og mykje av liturgien. Både kyrie, lovsong, truvekjening, bønner, Fadervår og velsigning er med.

Torsdag 13. mars var siste samling før påske, med fokus på påskeevangeliet. Kyrkja fyltest av glad song da 300 born og vaksne song «Dine hender er fulle av blomster» og «Deg være ære».

Eit slikt samarbeid er ikkje sjølvstøtt i dag som det blir sett så mange spørsmål ved kor mykje skuleelevar skal delta i kyrkjeleg aktivitet. På Øye skule drøfta dei dette for ein del år sidan og kom fram til at det skulle fortsetja. Dei som ikkje høyrer til kyrkja, får fritak med anna aktivitet.

Dette flotte samarbeidet ser ut til å ha framtida for seg. *ERE*

og oppover. Nokre av dei unge som er med, har også vore med som leiarar i trusoppføringsprosjektet.

Dette er eit kyrkjeleg engasjement, men ein ynskjer også kontakt med ungdomskonsulentene i kommunen og ungdomsrådet. Korleis dette skal vidareførast veit ein enno ikkje.

Sjølvstøtt er det også husreglar som gjeld under samlingane, som at det er røykfritt og rusfritt, respektfull og høveleg språkbruk, og erstattingsansvar dersom nokon øydelegg ting med vilje.

Det såg ikkje akkurat ut som den gruppa som var samla da Kyrkjebladet var der hadde tenkt på vandalisme eller andre lovbrøt, der dei hygga seg kosleg sammen. *ERE*



Malin, Ingrid, Britt Mari, Isabelle, Ann Elin og Lill kosar seg med pizza. Foto: ERE.



Sjette klasse hadde programmet, opplesing og song. Foto: ERE.

## Jonsvaka i Åsskard:

Den årvisse Jonsvaka i Åsskard er denne gong lagt til fredag 20. juni. Etter innleiande kulturinnslag og kaffe blir det midnattskonsert med ein strykekvartett frå Trondheim, Åsskard Kyrkjekor og solistar.

BB

## Nytt om diakoner

Vår nye diakon, Gry Netland-Ebbesen, skal ha permisjon et års tid. Som vikarer har vi fått Kirsti Hjørnevik fra Todalen og Marit Syrstadeng fra Meldal. Kirsti Hjørnevik er ansatt i 60 % stilling og Marit Syrstadeng i 80 %. Marit skal også være leder for trosoppføringsprosjektet. Diakonene har både Rindal og Surnadal som arbeidsområde.

*Synnøve Bjørndal*



Kirsti Hjørnevik og Marit Systadeng ble presentert og ønsket velkommen av Elsa Jensvold på årsfesten i Rindal.

## Minnegåver

Hjarteleg takk for minnegåver!  
 Sokneråda i Stangvik og Surnadal

## STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



## RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55  
 Telefaks 71 66 47 01  
 E-post kirkeverge:  
 ingeborg.nordlund  
 @rindal.kommune.no  
 Bildet: Rindal kirke

# Påske og dåp under blå himmel

*Viss todelingane vil ha godver, treng dei vissst berre tillyse friluftsgudsteneste! I år som alltid var det nemleg glitrande sol og blå himmel over messa på Haugligardane andre påskedag – der 85 menneske samlast til preike, song og barnedåp.*

Hundreårsjubilaranten Todalen Idrottslag samarbeidde som vanleg med soknerådet om den populære friluftsgudstenesta i det flotte terrenget. Laget sørger for både pølsegrill og kyrkjekaffe etter messa. Velsmakande og kontaktskapande innslag i finveret.

Gudstenesta vart leia av sokneprest Bernt Venås med god støtte frå Todalskoret og ei interessert forsamling. Etter korframføring av Hovland-salmen "Kristus er sanneleg oppstaden" var det barnedåp for lille Leah Tomine Øyen. Deretter preika Venås om kvinnene ved Jesu opne grav påskemorgon – dei viktige bodberarane som ikkje alltid har hatt den status dei fortener. Han understreka elles sprengkrafta i påskeevangeliet – at dødskreftene ikkje lenger har det siste ord.

Samlinga var prega av typisk dugnadsånd – Narve Talgø har snikra altarbord og kors, supaklokka hans John Moe tona blankt gjennom skogen og Hans Gundersen skaffa klingande tastatur til organisten.

Den lokale kyrkja arbeider for tida med ulike gudstenesteformer. Påskesamlinga i friluft har vorte årviss i Todalen og er eit tiltak som samlar mange.

Bernt Bøe



Sokneprest Venås forkynte påskebodskapen for ei stor forsamling under blå himmel. Foto: BB.

## Påskesong med kveldsmat

I Åsskard ønskjer ein at påskemusikken skal få sleppe til! Etter ei årrekkje med "Vi syng påska inn" – på linje med julekonserterne – har ein no satsa på "Påskesongmesse" med rom for tekster og tonar for heile tidsrommet palmesøndag - påskemorgon. Gjennom Åsskard Kyrkjekor fekk dermed Bach, Handel og Mozart tonesette bodska-



Farmor Inger Lise og vesle Brit kosa seg saman med mange andre rundt bordet etter påskesongmessa. Foto: Magne Bøe.

pen på sitt vakre vis denne skjærtorsdagen. Bernt Venås var liturg og predikant. Slik kan fastbuande og påsketuristar få del i påskeheilskapen på ein god kveldstime. Ei sosial ramme rundt messa styrkjer fellesskapet, og i den trivelege Kyrkjestua var det fullt rundt det opne kveldsmatbordet etterpå!

Bernt Bøe

## Gudsteneste på bedehuset

Bedehusa våre har i generasjonar vore kraftsentra i lokalkyrkja. Betania i Bøfjorden er eit vakkert og godt vedlikehalde gudshus. Søndag 6. april var gudstenesta i Åsskard lagt hit. Bernt Venås preika godt om Jesus som den gode hyrdingen, og soknerådet sørger for velsmakande servering etterpå. – Denne bedehusgudstenesta må bli årviss, sa presten – ein ide som Kyrkjebladet gjerne sender vidare til andre grender med bedehus.

Bernt Bøe

## Rindal

### Konfirmasjon

I år har vi ekstra mange konfirmanter og det blir konfirmasjonsgudstjeneste både lørdag 24. og søndag 25. mai. Da blir det plass til alle gjestene og alle som ellers ønsker å delta på denne høytidsdagen.

### Bønnesamling

Normisjon har bønnesamlinger søndagene 4. mai og 1. juni på Rindal bedehus kl. 20.

## Surnadal

### Møte

Kristi himmelfartsdag (1.05) kl. 19.30: Misjonsfest på Eidet bedehus. Arr.: Normisjon og Misjonssambandet. 12. mai kl. 11.00: Møte på Kyrkjelydshuset. (NLM) 20.-22. mai: Møter på Eidet bedehus ved kretssekretær Erling Trønnes (NLM) 15. juni kl. 11.00: Møte på Kyrkjelydshuset (NLM)

### Surnadal kyrkjelydshus

Også i år vil det bli ei utlodning til inntekt for kyrkjelydshuset. Framleis trengst det meir utstyr til huset, og det kostar heller ikkje så lite å driva eit slikt hus. Veka før pinsehøga vil det sitja folk på forretningane og selje nummer. Onsdag 21. mai kl.19.00 blir det ei samling på Kyrkjelydshuset med litt program, matsal, åresal og trekking for utlodninga. Styret for huset håper mange vil støtta huset både med gevinstar, nummerkjøp og med å delta på samlinga onsdag 21. mai.

### SOMMARKONSERT for barn

Søndag 8. juni kl.18.00 blir det flott konsert i Stangvik kyrkje. Meldal kirkes jentekor og barnekoret Jubilate deltek med song og elevar frå Kulturskolen blir også med på fleire innslag med violin, piano, orgel og dans. Vi gler oss til å høyre og sjå dei unge.

### Bønemøte

kvar måndag kl. 20 på kyrkjelydshuset.

## Fasteaksjonen

Konfirmanterne gikk med bøsser og samlet inn penger til Kirkens Nødhjelp 11. mars. I Rindal ble resultatet kr. 33.116,50 og i Stangvik/Surnadal kr. 76.205. Et flott resultat! Hjertelig takk til konfirmanter, sjåførere og alle givere!

# Trufast medarbeidar

Lovise Jørgensen fekk gåve og takk for lang og trufast teneste frå Fellesrådet ved kyrkjeverje Ingeborg Nordlund på samling i Rindal onsdag 6. februar. Lovise har vore reingjerar i Todalen kyrkje frå 1981 da kyrkjetenar Tor Ness gav henne nøkkelen og sa at det trongs at nokon vaska i kyrkja, og det var ho den rette til. Seinare, da det vart kyrkjeverje, vart det ein meir formell avtale, og Lovise fekk løn etter timeliste, ca 5% stilling. Ho har trivdest med jobben, elles ville ho ikkje ha vore så lenge, det var fint å kunne arbeida når det

passa henne, seier Lovise. Ho hadde alt ein del ansvar i kyrkja som kasserar for soknerådet, og ho kunne hjelpa ved bryllaup, eller ved å setja på varme. Ho har også arbeidd som kommunal heimhjelp til ho vart pensjonert.

Lovise køyrer ikkje bil, men når kyrkjeklokkene ringer, ser ein henne på kyrkjeveg, til fots eller med spark eller sykkel. Ho er ikkje berre i kyrkja når ho vaskar, for Lovise er også ein trufast kyrkjegjengar. Det er så sjølvstendig for henne.

«Eg har hatt trua frå eg gjekk

på søndagsskulen. Det er uinteressant når eg tok imot Jesus, det store er at han har teke imot meg. Og eg vil gjerne fortsetje å tru at Gud held fast ved det løftet han gav meg i dåpen, at eg ved trua på Jesus Kristus kan få rekne meg som Guds barn og få leve under hans omsorg,» seier ho. «Eg fylgde far til gudsteneste frå eg var lita. Av og til føler eg at eg ikkje ynskjer å gå til kyrkja, men vil vera heime, men så får eg for meg at eg må gå, det høyrer med til trua. Eg visste ikkje om eg torde gå til nattverd første gong for meg sjølv, men så gjorde eg det, og eg får koma slik som eg er, og eg treng det. Ein gong for lenge sidan, spurde ei kvinne meg om ho kunne gå til nattverd. - Ja, sa eg, det kan du like godt som eg, og vi får koma slik som vi er. - Kan eg få gå saman med deg? sa ho. Så da gjekk vi saman.»

Lovise fortel at ho også gjennom sitt arbeid i heimhjelpstenesta har formidla behov for sjølesorg og nattverd for dei ho arbeidde hos. Det var prost Hjørthaug som på eit møte oppfordra til å ikkje nøla med å kontakta presten dersom nokon ønskte det.

Lovise tykkjer også det er fint å vera med på samlingar for dei tilsette, både på kyrkjelydshuset

og på turar, ein gong var det arrangert tur til Trondheim og Nidarosdomen, der ho fekk vera med på morgonmesse og også gå til nattverd. «Det var fint å vera med på,» seier Lovise, som set pris på å ha fellesskap med andre.

«Trua og bønna har eg hatt frå eg var lita, og eg har opplevd å få konkrete bønesvar. Eg føler ikkje Gud like nær alltid, men så får du også oppleve at han er der.»

Lovise har vakse opp i Todalen, men gifta seg med skipsoffiser Bernt, og var med han på båten i 3 ½ år. Da fekk ho god kontakt med sjømannskyrkjene, og har seinare vore formann i foreninga for Sjømannsmisjonen, som no samarbeider med foreninga for Misjonsselskapet i Todalen, der dei bur i sitt vesle koslege hus ved sjøen.

*Einy Rendal Elgsæther*



Lovise Jørgensen fekk takk og gåver også frå Todalen sokneråd v/ leiar Ildri Sjøland Øyen. Foto: BB.

«La barnet i oss få komme til ordet, for frelsen er lagt på et enkelt, og kanskje for de fleste, et noe for 'barnslig' plan. Men det er ikke meningen at vi skal forstå eller 'romme' Gud i våre tanker, men gi rom for Gud i våre hjerter og sinn! Slipp Jesus 'løs' i ditt liv, - du har nøkkelen.»

*Ukjent frå eit avisutklipp ved Lovise*

## Stat/kyrkje-forlik

Heilt på tampen av tidsfristen har regjeringa lagt fram eit stat/kyrkje-forlik mellom sju politiske parti etter vanskelege forhandlingar som førte til eit historisk vedtak.

Kyrkja skal fortsatt vera ei folkekyrkje med tilknytning til staten, men med fridom til sjølv å velja eigne leiarar, biskopar og prostar. Vilkår for forliket er at det blir lagt opp til ein demo-

kratireform som må vera ferdig innan 2011. Der er det førtsett at ein får større valdeltaking. Bakkevikutvalet skal i løpet av april leggja fram forslag om tiltak for å styrkja det kyrkjelege demokratiet, med evt endringar av valreglane før valet i 2009. Reformen vil også krevja grunnlovsendingar, som krev vedtak i to Storting. Kyrkja skal ha forankring i Grunnlova i ein ny

paragraf 16. Måten kyrkja skal styrast på skal formulerast i ny kyrkjelov. Alle trus- og livssynsamfunn får økonomisk støtte på lik line, men Den norske kyrkja, ei evangelisk-luthersk kyrkje, blir fortsatt Norges folkekyrkje, ei fri, sjølvstendig kyrkje, i samsvar med menneskerettskrava.

ERE

## Kyrkjeblad for Indre Nordmøre Utgjevar: SOKNERÅDA PÅ INDRE NORDMØRE

REDAKTØR:

Einy Rendal Elgsæther  
6645 Todalen  
71 66 02 81

E-post: ole-einy@frisurf.no

REDAKSJONSSEKRETÆR:

Synnøve Bjørndal  
E-post: synnove.bjorndal@  
rindal.kommune.no

BLADPENGAR:

Frivillig kontingent  
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre  
Kontor Service A/S  
Postboks 72  
6630 Tingvoll  
Bankgironr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP:

Vullum Design as  
71 66 50 80  
Fax 71 66 50 81  
E-post: post@vullumdesign.no  
6657 Rindal

TRYKK:

Wennbergs Trykkeri AS  
72 88 98 00  
7075 Tiller